

Åram/Van.kam slo Loen 6-1

Åram/Van.kam vart eit par hakk for gode for Loen i treningskampen på Eid kunstgrasbane laurdag. Vanylvingane vann 6-1 etter 2-1 ved pause. Måla vart scora av André Pedersen, Ole Per Kragset, Sigve Støylen, Martin Ekremsæter og Erlend Larsen (2).

I fylgje heimesida til ÅVK stilte laget slik: Marius Nystøl, Sigve Støylen, Kenneth Bellen, Oddvin Kragset, Elling Flister, Martin Ekremsæter, Ole Theodor Hovden, Bjørn Ove Aaland, Erlend Kragset, Ole Per Kragset og Andre Pedersen. Innbytte: Stian, Erlend Larsen, Vegard Krokvik, Johan Andre Eikrem, Anders Midtbø.

– Åram/Vankam gjennomførte ein ny solid treningskamp. Etter pause tok ÅVK over meir av banespelet og siste del av kampen var det berre eit spørsmål om kor stor seieren skulle bli. Også denne gongen framstod ÅVK med god laginnsats. Igjen viste dei yngste ÅVK-spelarane gode taktar og alle som var med fekk spele ein liten halvtime eller meir, melder nettstaden.

ÅVK møter Skavøypoll i sin neste treningskamp.

Kvamsøy 3-7 for Giske

Kvamsøy tapte 3-7 i ein kamp på Valdervoll kunstgras mot Giske laurdag. Stillinga ved pause var 3-0 til heimelaget. Spelande trenar Asbjørn Støylen seier seg ikkje nøgd med kampen, og syner spesielt til to periodar då heimelaget sette inn måla sine. KIL sine mål vart scora av Terje Støylen, Gunnar Ristesund og Runar Kvamme.

Henning Støylen måtte gå ut med skade før pause og måljerger Ingar S. Bringsvor spelte ikkje, vert det meldt.

PS: Anders Bringsvor brukte GPS-klokke og kunne etterpå fastslå at han sprang 10,7 km i løpet av kampen. Kanskje hadde det ikkje blitt tap om alle hadde sprunge like mykje...?

Teige, Lars Conradi Andersen, Mats Goksøy Sævik (Mats Inge Teige), Bjørnar Gundersen, Alexander Dahle, Daniel Sandvik, Andre Lima, Jim Kjellstadli, Frank Sverre Skorpen og Joakim Bendal.

Neste kamp er heime mot Blindheim komande søndag.

Tapte, men kan likevel stå



- Dette var ein skikkeleg nedtur. Rett og slett trist!

Slik oppsummerte Bergsøy-trenar Jørn Remøy den viktige kampen mot Kolstad2 i Herøyhallen laurdag kveld. Dette var kvelden då Bergsøy endelig skulle sikre ny kontrakt i 2. divisjon, men eit nervøst og svakt heimelag skuffa stort og tapte fortent. Og trenar Remøy var skikkeleg skuffa etter den svake innsatsen, og beklaga overfor sitt trufaste heimepublikum at laget ikkje kunne gi dei ei betre sesongavslutning i sin debutsesong i 2. divisjon. Med tanke på at Kolstad2 stilte eit reint 17-årslag, der alle spelarane er fødte i 1992, var dette eit langt fysisk sterkare BIL-lag burde avgjort til sin fordel. Men dei unge trønderane viste seg å vere langt meir teknisk skulerte og hadde langt betre samhandling. Bergsøy på si side mangla flyt gjennom store deler av kampen, der altfor mykje var basert på enkeltmannsprestasjonar istadenfor godt kollektiv lagspel. Dei personlege feila florerte, og saknet av dei to veteranane og «playmakarane» Nils Christian Nørvåg og Jan Erik Myrseth var periodevis merkbart. Og det er berre å slå fast at med dagens mannskap held ikkje laget 2. divisjonsstandard.

Særleg 1. omgang var rett og slett pinleg frå heimelaget

si side, og i løpet av første omgang scora laget berre 7 mål. Spelarane hadde ein tendens til avslutte for tidleg, og dei gongane dei spelte seg fram til 100%-sjansar, vart som regel desse misbrukte. Dei unge trønderane var langt sikrere i sette sjansane sine og kunne gå til pause med ei fortent 12-7 leining. Det som vart prestert i denne kampen, når det galdt som mest, er vel noko av det svakaste BIL har gjort denne sesongen.

Men trass i den skuffande førsteomgangen gav ikkje BIL opp, og med god støtte frå sitt entusiastiske heimepublikum, knappa Bergsøy i 2. omgang inn trønderane sitt forsprang, og etter ti minutt hadde BIL kontakt på stillinga 15-16. I denne perioden spelte Bergsøy god handball, og dei fleste rekna med at no ville heimelaget snu kampen til sin fordel. Men etter dette var stoppa det fullstendig opp for heimelaget, som det har gjort så mange gongar tidlegare i sesongen. Dei samspelte juniorane frå Trondheim tok igjen over kommandoen, og spelte seg gang på gang lett igjennom eit vidøpe BIL-forsvar, og sjølv ein opplagt Knut Erik Håheim i BIL-målet kunne ikkje hindre at trønderane rykte ifrå. Og det stoppa altså på 28-22 til trønderjuniorane. Hos Bergsøy

imponerte igjen Even Valø i si frykta skotarm, og prikka inn 6 mål på susande langskot. Richard Moe scora 5, Eldar Lillerovde 3, Daniel Nysæter og Mats B. Uri 2 mål kvar, Aron Kobbenes, Lars Erik Bøe, Ivar Nærø og Jørn Remøy eitt mål kvar.

I mangel på domar stilte Antoni Danielsen, som representerer Bergsøy sporty opp etter at Kolstad2 hadde godkjent BIL-dommaren før kampstart. Og Antoni, og dommerkollega Arnold Jensen, greidde seg svært bra, og var blant banens beste aktørar.

Det store spørsmålet er no kva som skal til for at Bergsøy skal stå i divisjonen? Nedrykksrival Molde hadde denne helga ei sterk helg, med uavgjort og siger i sine kampar, og passerte der Bergsøy på tabellen. Etter alt å døme rykkjer to lag ned. Det som er klart er at laurdagens motstandar Kolstad2 rykkjer rett ned, i og med at deira førstelag rykkjer ned i 2. divisjon. Dermed blir det ein kamp mellom Sandnessjøen og Bergsøy om å unngå den siste nedrykksplassen.

Bergsøy skal i sine to siste kampar møte Vikhammer og Melhus/Gimse på bortebane. Realistisk sett, og på bakgrunn av den negative formkurve Bergsøy har vist denne sesongen, er det små sjansar for at dei raud-kvite vil ta med poeng

* Trass i det sure tapet mot Kolstad2 er det mykje som tyder for at BIL-spelarane likevel vil sikre ny kontrakt i 2. divisjon. Bak frå venstre: Ruben Slåttestad, Aron Kobbenes, Lars-Erik Bøe, Even Sævik Valø, Daniel Nysæter, Knut Erik Håheim, trenar Jørn Remøy og Eirik Husøy. Framme frå venstre: Jan Erik Myrseth, Eldar Lillerovde, Ivar Nærø, Mats B. Uri, Torstein Fjortoft, Rikard Moe og Arve Kvalsvik.

heim. (Sjølv om dei slo Melhus/Gimse i Herøyhallen i den første kampen.)

Sandnessjøen som ligg to poeng bak Bergsøy skal i sine tre siste kampar møte topplaget Gløshaugen (b), Kolstad 2 (h) og Skogn (b). Det som er klart er at Sandnessjøen vil få to gratispoeng, i og med at Kolstad 2 har signalisert at dei ikkje greier å stille lag i den kampen. Elles er lite som tyder på at Sandnessjøen har noko å stille opp mot topplaget Gløshaugen borte, og realistisk sett blir det nok også vanskeleg å ta poeng i bortekampen mot Skogn. Og skulle Sandnessjøen tape begge desse kampane, vil Bergsøy og Sandnessjøen begge ende på 8 poeng, og Bergsøy vil gå framom på betre målforhold i dei innbyrdes oppgjera mellom dei to laga. Det ligg såleis an til ein skikkeleg thriller.

Eit råtips er at Bergsøy, trass i det sure tapet mot Kolstad 2, likevel vil kunne spele 2. divisjonshandball også neste år. Dei komande vekene vil avgjere det heile. Bergsøy legg ut på sin siste trønder-tur for sesongen den 21. og 22. mars.

* Rikard Moe, lobbar elegant over den dyktige Kolstad2-keeperen Jørgen Ljøkjell som har røtter her i distriktet ettersom han er son til den utflytta fosnavågaren Gunnar Flatval. Jørgen er eit kjempetalent og aktuell for gutelandslaget. Til venstre ser vi dei to BIL-spelarane Mats B. Uri og spelande trenar Jørn Remøy.

